



## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd (Valstyret)  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 24.08.2023 flytta til 30.08.2023  
**Tid:** Kl. 16.00 - 17.30  
**Ord for dagen:** Tom

### Innkallinga er sendt til:

		møtt
Svein Lunde	leiar	x
Anne Marie Røed	nestleiar	x
Sigrid Marie Fangel	skrivar	x
Tom Rydland	medlem	x
Wenche Andersen Helland	medlem	x
Herman Inge Aadland	medlem	x
Håkon Rydland Sæbø	medlem	
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	
Olav J. Oma	sokneprest	x
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	x
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	x
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	

## **Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/57	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2023/58	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 15.06.2023	
2023/59		Orientering om arbeidet i soknet	
2023/60		Kyrkjevalet – organisering og praktisk gjennomføring	
2023/61		Søknad om løna studiedagar og støtte til semesteravgift	
2023/65		Meldingar / open post	

### **Sak 2023/57 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2023/58 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 15.06.2023.

### **Sak 2023/59 Orientering om arbeidet i soknet**

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei orientering om arbeidet sommaren 2023.

Sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet sommaren 2023, og at vi no er komne i gang att.

- konfirmantoppstart
- søndagsskulens dag
- kyrkjeblad
- 5åringar
- Småbarnssang og babysong
- vikarar for kontor

#### **Vedak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2023/60 Kyrkjevalet – organisering og praktisk gjennomføring**

Mykje av førebuingane til kyrkjevalet er alt på plass.

Soknerådet, som i denne samanhengen vert rekna som valstyre, har ansvar for gjennomføring av valet og har alt gjort ein del vedtak. Kyrkjeverja orienterer om organiseringa i møtet. Stikkord er:

- Organisering og gjennomføring av førehandsrøysting
- Manntalet
- Organisering og gjennomføring av valtinget den 11. september

- Stemmestyre og valfunksjonærer (dei som skal ha ansvar i vallokalet på valdagen)
- Opplæring av valfunksjonærane
- Organisering og gjennomføring av oppteljing
- Offentleggjing av valresultat
- Protokoll for valstyret

Mykje av førebuingane til kyrkjevalet er alt på plass.

Soknerådet, som i denne samanhengen vert rekna som valstyre, har ansvar for gjennomføring av valet og har alt gjort ein del vedtak. I Kyrkjeverja sitt fråvær orienterer Svein Lunde om organiseringa i møtet. Stikkord er:

- Nominasjon og listeforslag i orden.
- Kyrkjeverja har etter fullmakt ordna til det praktiske som innkjøp, annonsar oppfølging av nettsida mm.
- Dei skal ta imot stemmer på valdagen er på plass.
- Soknerådet har vore på stand, diskusjon om vi skal gå på fleire stand-dagar
- Vårt val er omhandla i i valavis for kommunestyreval
- Neste utgåve av kyrkjebladet omhandlar valet
- Valet har vore omtalt i kunngjeringar.
- Førehandsrøysting er gjennomført etter planen.

### **Fram til valdagen**

- Sikre at alle praktiske ting er på plass i vallokalet
- Opplæring av valfunksjonærer, Jan har kurs
- Skriv ut manntal 8.9, Herman og Sigrid kjem og blir med.
- Telja førehandsrøyster blir lagt i urna

### **Oppklaring av begrep**

- Valstyret *Menighetsrådet utgjør valgstyret i hvert sokn. Valgstyret har ansvar for forberedelse og ledelse av valget. Med valgstyret menes det i disse regler menighetsrådet som valgstyret.*
- Stemmestyre *Foregår stemmegivningen på flere steder i soknet, skal et stemmestyre med minst tre medlemmer administrere stemmegivningen på hvert sted. Stemmestyret oppnevnes av valgstyret.*
- Klageinstans *Bispedømmerrådet er klageinstans ved klager over gjennomføringen av valg til menighetsrådet.*

### **Valdagen**

Vårt vallokale skal ha same opningstide som kommunevalet.

Valstyret skal vera representert ved opning og stenging.

Valstyret må vera representert, Fullmakt kan redusera behov.

Soknerådet må møte ved oppteljing

Dei som står på val kan ikkje vera med og telja.

Oppteljinga skjer like etter at vallokalet stengjer.

- Valhandboka tilrår fyrst oppteljing av bispedømmeråd.
- Deretter soknerådsstemmene (teljast to gonger)
- To og to må samarbeida om oppteljinga.
- Mellom oppteljinga må valstyret ta stilling til eventuelle stemmesetlar det heftar tvil om. Her kan det ikkje brukast fullmakt.
- Offentleggjing av valresultat så snart som råd
- Protokoll for valstyret vert skrive under av valstyret når vi er ferdig med teljinga.
  - **Korleis er det med røysting på institusjonane? Svein snakkar med Jan om førehandsrøysting på institusjonane.**
  - **Av Soknerådet er Herman, Sigrid, Olav, Anne Marie og Svein til stades på kyrkjekontoret 11.09.23**

#### **Vedtak:**

Handboka tilrår at valstyre gir fullmakt til AU for praktiske og ikkje prinsipielle avgjerder som elles skulle vore i valstyre. Valstyret/ soknerådet gir AU denne fullmakta.

#### **Sak 2023/61 Søkna om løna studiedagar og støtte til semesteravgift**

Kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre søker om 7 løna studiedagar og støtte til semesteravgift for haustsemesteret 2023. Dette til etterutdanning på MF vitenskapelige høyskole, 15 studiepoeng i «kirkens tro og tradisjon». Emnet er eit av fire emnar i trosopplæring i eit samarbeid mellom VID vitenskapelige høgskole og MF vitenskapelig høyskole. Emnet er eit nettstudium med nettføresningar av faglærer ved MF. Denne etterutdanninga vil gje meir generell kompetanse om trushistoria og trosopplæringa vår, med eit spesielt fokus på konfirmantar!

#### **Vedtak:**

Soknerådet ser positivt til initiativet til etterutdanning, og relevansen for arbeidet som kyrkjelydspedagog. Randi får innvilga 7 studiedagar med løn samt semesteravgift.

#### **Sak 2023/62 Frivilligfest**

Soknerådet gjorde vedtak i mai dette året, om å utsetja frivilligfesten til hausten. Arbeidsutvalet har prøvd å finna høveleg dato for frivilligfest denne hausten, men er usikker. Er det mogleg å danne ei gruppe som kan førebu ein frivilligfest, og som kan arbeida med både dato/tidspunkt og program?

**Vedtak:**

Start ei gruppe som kan førebu frivilligfest. Tom, Anne Marie, Roald, Sigrid. Finn tidspunkt, stad, og program.

**Sak 2022/63 Meldingar / open post**

- Diakon/diakonimedarbeiderstilling som er lyst ut  
Om det ikkje er nokon søkjarar innan fristen, utvider vi fristen til 11. september. Då kan vi ha saka opp på neste møte 14.09.
- Framtidig organisering – vedtak kyrkjemøtet  
Organiseringa av kyrkja med to arbeidsgjevarlinjer blir som den er og har vore.
- Hjartestartar i Fitjar kyrkje – kurs lunge- og hjarteredning 27. september på føremiddagen.  
Er hjartestartaren meldt inn til registeret som viser kvar det finst hjartestartarar?

Sigurd Andre stiller spørsmål om møtetidspunkt. Er det betre å møta klokka 16.00 enn seinare?  
Vi skal evaluera dette på siste møtet. (Siste møte, gammalt og nytt sokneråd 1. november)

Torsdag 2. 11 er det soknerådskurs og møte med bispen, Ragnhild Jepsen.

Budsjettmøte?

---

Skrivar  
Olav J. Oma